

Bacheloroppgåve i sosialt arbeid

## **Barnet si stemme i barnevernet**

*«Korleis kan barnevernspedagogen arbeide for å sikre barnet si stemme i barnevernet?»*

Sandra Vik Dahle

Sosialt arbeid - Barnevernspedagog

Emne BVP252

2024



HØGSKULEN  
I VOLDA

## **Eigenerklæring**

Denne oppgåva er mitt eige og sjølvstendige arbeid. Den gjer ikkje bruk av andre sitt arbeid utan at det er oppgitt, den gjer ikkje bruk av tekst frå eige arbeid utan at det er oppgitt, og kjelder som er brukt er ført inn i både tekst og kjeldeliste i på ein måte som gjer at eg ikkje vil få ein ‘ufortent rennomegevinst’. Den har heller ikkje vore brukt som eksamenssvar eller arbeidskrav tidlegare.

Eg veit at oppgåva vil bli elektronisk kontrollert for plagiat og at alvorlege brot med ‘god sitatskikk’ vert behandla som fusk jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.

I arbeidet med oppgåva er personopplysningar behandla i samsvar med retningslinjene som er å finne i Canvas. Oppgåva inneheld ikkje opplysningar som kan førast tilbake til einskildpersonar ut over det som dei har godtatt gjennom samtykke eller som er offentleg kjent.

Eg gir Høgskulen i Volda rett til å publisere oppgåva vederlagsfritt i elektronisk form under CC-BY-lisens.

## Samandrag

I april 2024 vart det identifisert 14 ulike utfordringar for barn og unge sin medverknad i barnevernet. Forsking viser at barnevernet ikkje alltid lukkast med å legge til rette for at barn og unge opplever at deira stemme har noko å seie, eller opplever medverknad (FHI, 2022; Havnen & Christiansen et.al, 2020; Paulsen, 2022, s. 15). Med dette sagt, er det behov for å styrke medverknadspraksisen i barnevernet. Bacheloroppgåva «*Barnets stemme i barnevernet: med fokus på betring og sikring*», er ei litteraturstudie som inneber analyse og systematisk litteraturgjennomgang av sju fagfelleverderte forskingsartiklar. Dette set søkelyset på ulike aspekt kring barn og unge sin medverknad, og bidreg til å setje fokus på problemstillinga: «*Korleis kan barnevernspedagogen arbeide for å sikre barnets stemme i barnevernet?*».

Gjennom oppgåva vil vi få presentert teori om kontaktetablering med barn og ei bevisstheit på maktaspektet. Forskingsartiklane vert tematisk presenterte med funn, og er delt inn i to kategoriar: utfordringar og system og relasjonen si betydning. Saman vil teori og forskning vere med på å byggje opp til eit drøftingskapittel, som vidare vil kunne ut i eit svar på problemstillinga gjennom avslutningskapitlet.

Studia konkludera med at faktorar som ein tillitsfull relasjon og god kontaktetablering, er viktig for å legge til rette for medverknad. Der det er mindre trygg relasjon, er det desto mindre medverknad. Vidare hevdar oppgåva at det å anerkjenne barnet som aktør i eige liv og la dei få informasjon, gi dei moglegheit til å medverke ved ulike tilnærmingar, og gi tilbakemeldingar er sentrale element for å kunne sikre barnets stemme. Dette inneber også at barnevernspedagogen er bevisst seg sjølv og makta i rolla, samt korleis dette påverkar relasjonen til barnet.

Det å ta med seg forskingsfunna i denne studia vil ha relevans og betydning for fagområdet og framtidig yrkesutøving og praksis. Dette for å legge til rette for betre medverknadspraksis for barn og unge i barnevernet, men også i sosialt arbeid med menneske generelt.

## Abstract

In April 2024, 14 different challenges were identified for children and young people's participation in child welfare services. Research shows that child welfare services does not always succeed in making it possible for children and young people to feel that their voice matters and experience participation (FHI, 2022; Havnen & Christiansen et.al, 2020, p. 15). With this said, there is a need to strengthen the participation practice in child welfare services. The bachelor's thesis "*The child's voice in child welfare services: with a focus on improvement and safeguarding*", is a literature study that involves the analysis and systematic literature review of seven peer-reviewed research articles, which put the spotlight on various aspects of children's and young people's participation, and help to focus on the research question : "*How can the child welfare worker work to secure the child's voice in child welfare?*".

Throughout the assignment, we will explore theories related to establishing contact with children and understanding the aspect of power. The research articles are organized thematically, presenting findings that are categorized into three groups: challenges for children and young people's participation, better practice and children's and young people's experiences of involvement in child protection. Together, the theoretical framework and research findings will contribute to a discussion chapter, which will further lead and result to a resolution of the research question through the concluding chapter.

The study concluded that factors such as a trusting relationship and good contact establishment, is important to facilitate participation. Where there is a less secure relationship, there is less involvement and participation. Furthermore, the assignment claims that recognizing the child as an actor in their own life and letting them get information, giving them the opportunity to participate in different approaches, and giving feedback is a key element in being able to secure the child's voice. This also means that the child welfare worker is aware of herself and the power in the role, as well as how this affects the relationship with the child.

Taking the research findings into account in this study will have relevance and significance for the subject area and future professional practice, when it comes to facilitating better participation practices for children and young people in child protection, but also in social work with people in general.

## Forord

Dei tre åra ved Høgskulen i Volda som har ført meg til denne bacheloroppgåva, har vore prega av utfordringar, læring, fagleg og personleg vekst. Det har vore nokre spennande, innhaldsrike, givande, men krevjande år, der det har vore djupdykk i faglege emne, lærerike diskusjonar og ikkje minst, enormt med refleksjonar. Oppgåva markera sluttpunktet på bachelorutdanninga, men også starten på ferda mi ut i arbeidslivet, der eg stolt kan bere tittelen barnevernspedagog.

Temaet i denne oppgåva er av stor personleg interesse. Dette er med på å forme meg som profesjonsutøvar, då medverknad er noko som personleg vektleggast høgt i møte med klientar. I arbeidsprosessen med denne studia, har eg hatt glede av å få god refleksiv rettleiing av min rettleiar Kine Høgberg, som eg vil rette eit takk til! Eg vil også nemne emneansvarleg Roar Stokken for sitt bidrag i undervisning og bok om korleis ein best mogleg kan skrive og gjennomføre ei litteraturstudie. Samstundes har han vist omtanke og forståing for ein akutt situasjon som oppstod i slutfasa av bacheloroppgåva, og dermed bidrog til å legge til rette. Difor fortentar han eit stort takk, saman med eksamensteamet og eit fantastisk helsepersonell!

Eg ynskjer også å rette ein takk til førelesarane og gjesteførelesarane vi har hatt gjennom utdanningsløpet ved høgskulen, for gode og spennande førelesningar innanfor dei ulike emna. På same tid vil eg takke flinke medstudentar for inspirasjon og gode diskusjonar. Ein spesiell takk går også til praksisplassen min hausten 2023 ved Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid, som gav meg verdifulle erfaringar i barnevernsarbeid, gode refleksjonar, drøftar og samtalar med sakshandsamarane og for å ha hatt trua på meg og gitt meg moglegheit til å prøve meg i arbeidet meir sjølvstendig. Praksisperioda her har vore svært betydningsfull for mi profesjonelle utvikling.

Ein kvar arbeidsprosess vert litt enklare med støtte frå sine nære og kjære. Difor ynskjer eg å takke mi kjære familie og vener for å ha hatt trua på meg, sine oppmuntrande ord og kjekke pausar frå skrivinga. Særleg må sambuar, foreldre og svigerforeldre nemnast- og også barnehagen, som har gjort det mogleg for meg å fullføre utdanningsløpet. Ein ekstra merksemd vil eg rette til min snart 2 år gamle gut, som dagleg berika meg med nye perspektiv og utfordrar meg til å vekse, både som mamma, person og fagperson.

Med desse orda sagt, håpast det at du finn oppgåva interessant og av betydning for sosialt arbeid.

# Innholdsliste

<b>Samandrag</b> .....	III
<b>Abstract</b> .....	IV
<b>Forord</b> .....	V
<b>1.0 Innleiing</b> .....	1
1.1 Problemstilling.....	2
1.2 Litteraturstudia vidare.....	3
1.3 Omgrepsforklaring .....	3
<b>2.0 Kunnskapsgrunnlag</b> .....	5
2.1 Bakgrunn .....	5
2.2 Teoretisk grunnlag .....	7
2.3 Kontaktetablering med barn.....	7
2.4 Bevisstheit på maktaspektet .....	10
<b>3.0 Val av metode</b> .....	11
3.1 Prosessen med litteratursøk og søkestrategi.....	11
3.2 Kjeldekritikk .....	13
3.3 Bruk av kunstig intelligens .....	13
<b>4.0 Tematisk oversyn av forskingsdata</b> .....	14
4.1 Tema: Utfordringar og system .....	14
4.2 Tema: Relasjonen si betydning for barnet si stemme .....	16
<b>5.0 Tematisk presentasjon av funn</b> .....	18
5.1 Utfordringar og system .....	18
5.2 Organisatoriske og materielle faktorar.....	18
5.3 Haldningar, barnesyn og makt.....	18
5.2 Relasjonen si betydning for barnet si stemme .....	19
<b>6.0 Drøfting</b> .....	21
6.1 Utfordringar og system .....	21
6.2 Relasjonen si betydning for barn og unge si stemme .....	24
<b>7.0 Avslutning</b> .....	27
<b>8.0 Litteraturliste</b> .....	28
<b>Vedlegg 1 – Søkelogg over systematiske litteratursøk</b> .....	31
<b>Vedlegg 2 – Oversyn over forskingsdata etter tema</b> .....	32

## 1.0 Innleiing

Denne litteraturstudia vil sentrere seg kring barn og unge sin medverknad i barnevernet. Det er i dag eit større fokus på barneperspektivet i barnevernsarbeidet enn tidlegare, og barnevernet i Noreg er i kontinuerleg utvikling. I dagens barnevernsarbeid ser vi ei aukande interesse for barn og unge si stemme, både på politisk, juridisk og sosialfagleg nivå (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 53). Dette har bidrege til eit fokus på kor viktig det er at barn og unge skal få moglegheita til å involverast i avgjerdsprosessar som angår dei sjølve, og at lovverket har vorte styrka (Paulsen, 2022, s. 15). Barn og unge sine rettar og behov står sentralt i barnevern, og dei har her i landet eit soleklart rettsleg krav på å kunne få delta og medverke i saker som omhandlar dei sjølve, då dette er tydeleggjort i både lovgjevnad, barnekonvensjonen og etiske retningslinjer (Grunnlova; Barnevernslova, 2021; FNs barnekonvensjon om barnets rettigheter, 1989; Fellesorganisasjonen, 2023). Barnevernsproffane, som sjølv er barn og unge med erfaring frå barnevernet, trekk fram at medverknad eller samarbeid med barn inneber at barnet gjevast nok og relevant informasjon. Dei må få moglegheita til å oppleve eit trygt rom der dei får snakke trygt, og får delta i si eiga sak og vere med på å bestemme. Samtidig blir det trekt fram at dette inneber at dei får bidra i dokumentasjon, og at barnevernspeдагоgen er open for at barnet kan få kome med tilbakemelding (Alexander proff, et. al., 2018).

Til tross for at barn og unge har rettane på si side, viser forskning at dette til tider kan vere problematisk å få til og å sikre i praksis. Studia «*Å medvirke når barnevernet undersøker*» (Havnen et.al, 2020), har mellom anna belyst tematikken opp mot barnevernspraksisen når det kjem til medverknad for barn og unge i avgjerdsprosessar i barnevernstenestene. I denne studia kom det fram at 4 av 10 barn og unge i alderen 0-17 år, av totalt 1123 undersøkingar, ikkje vart inkludert eller snakka med. I denne samanheng vil dette seie 443 stk. Vidare viser studia at dei resterande 60% vart snakka med, men at det var eit høgare andel samtalar med barn og unge som var over 6 år eller som tidlegare hadde vore involvert i barnevernet (Havnen & Christiansen et. al, 2020). På same tid kan vi sjå på ein rykande fersk rapport frå FHI (2024) i regi av Bufdir “*Utfordringar for barn og unges medvirkning i barnevernet. En studie av forskningslitteratur og sentrale aktørers erfaringer*”, der dei etter endeleg prioritering i studia identifiserte 14 ulike utfordringar for barn og unge si medverknad i barnevernet. Denne statistikken og desse tala gir oss eit bilete av at det kan vere utfordrande å sikre barn og unge si stemme, deira moglegheit til å delta og bli høyrte, i barnevernsarbeidet. I tillegg indikera det at det er mange omsyn å ta.

Ved at barnevernstilsette er bevisst på utfordringane, er det lettare å kunne kome med løysingar og forbetring for å styrke medverknadspraksisen. Samt å sikre ei meir tilfredsstillande, redeleg og likeverdig tilnærming i sitt arbeid med barn, unge og familiar i sårbare livssituasjonar.

## 1.1 Problemstilling

På bakgrunn av det ovannemnde er det grunn til å sjå nærare på korleis barnevernstilsette kan sikre barnets stemme. Som tidlegare framheva, vart det nyleg identifisert fleire utfordringar for barn og unge sin medverknad i barnevernet i praksis. Å ha kunnskap om medverknad i barnevernsarbeidet er viktig for å vidareutvikle systemet og gi gode og nyttige tenester til barna og familiane. Barn og unge med erfaring frå barnevernet, sit med erfaring og verdifull kunnskap. Dette gir oss nye perspektiv som går utover teori og forskning, og er til hjelp ved at ein får ei meir direkte innsikt i kva som fungera og ikkje, og kvar det er forbetringspotensiale (LFB, u.å.). Denne kunnskapen er viktig for barnevernstilsette å kjenne til for å kunne forbetre yrkesutøvinga og betre kunne legge til rette for å sikre barnets stemme. Dette, saman med verdifulle erfaringar frå praksis i det kommunale barnevernet, har vore ein bidragsytar til slutninga og formuleringa av problemstillinga for denne litteraturstudia, og er difor formulert slik:

*“Korleis kan barnevernspedagogen arbeide for å sikre barnets stemme i barnevernet?”.*

For å kunne svare på denne, vil studia sette søkelys på teori om kontaktetablering med barn og asymmetrisk makt, samtidig som at eksisterande forskning vert gjennomgått og drøfta.



## 1.2 Litteraturstudia vidare

For å kunne svare på problemstillinga vil oppgåva vidare fylgje ei strukturert og litterær tilnærming, som tek sikte på å utforske og analysere ulike aspekt kring temaet «barnets stemme i barnevernet». Det vil no kome ei omgrepsforklaring av diverse omgrep som er nytta i oppgåva for å få ei felles forståing. Oppgåva består av 8 kapittel. I dei neste kapitla vil vi sjå at kunnskapsgrunnlagskapitelet består av ein bakgrunnsdel som utforskar barnevernstenesta si rolle og mandat, og juridiske rammer. Dette er viktig å kjenne til for å få ei forståing for korleis barnevernsarbeidet fungera og kva rammer dei må arbeide innan, samt kva rettar barn og unge har. Etterfølgt kjem ein teoridel som tek føre seg ei samanfating av relevant teori om kontaktetablering og asymmetrisk makt. Dette vil belyse tematikken, for å kunne drøfte og svare på problemstillinga. Vidare kjem eit metodekapittel, der val av metode, inkludert tilnærming, litteratursøk og grunngjeving av utval vert presentert. Forskinga som oppgåva i stor grad er bygd på, vert tematisk presentert og analysert i eit eige kapittel, der funna frå forskinga vil bli gjennomgått, og så drøfta i lys av problemstillinga saman med teori. Avslutningsvis kjem det ei oppsummering og konklusjon etterfølgt av ei litteraturliste på slutten.

## 1.3 Omgrepsforklaring


Med mål og hensikt om å fremme klarheit og for å få ei felles forståing, vil det fylgjande avsnittet kome med definisjonar på enkelte omgrep som er nytta gjennom oppgåva.

*Barn og unge* eller *barnet* vert i denne oppgåva brukt mykje om kvarandre. I denne oppgåva referera dette til aldersgruppa 0-18 år. Dette med rot i at dei under 18 år i Noreg vert rekna som barn i tråd med Grunnlova.

*Medverknad, deltaking, barnets stemme* er omgrep som er mykje nytta gjennom heile oppgåva. Desse er nytta mykje om kvarandre, med rot i same omgrepsforklaring til grunn. Omgrepa i denne oppgåva tek utgangspunkt i definisjonane til Veronika Paulsen (2022, s. 17; Paulsen et. al., 2019, s. 30):

*«Medverknad er ein prosess der barn og unge skal inkluderast som samhandlings- og samarbeidspartnarar. Dette inneber at dei må få informasjon og skal gjevast reell påverknadsmoglegheit når det takast avgjerder som omhandlar deira liv».*

Omgrepet omfatta altså å sjå på medverknad som ein prosess. Dermed kan barnevernspedagogen verte forstått som ein medkonstruktør og er medansvarleg for barnets stemme, i form av at barnet skal få informasjon om at dei har rett til å uttale seg, men inga plikt. Såleis at barnevernspedagogen skal legge til rette for tillit og tryggleik, ein god relasjon og oppfordre barnet til å seie si meining (Paulsen, 2022, s. 64-66). Vis & Strandbu utvikla ein modell som illustrera korleis ein kan sjå på medverknad som ein prosess:



Figur 1: Medverknad som prosess (Paulsen, 2022, s. 64-65) .

*Makt* vil i denne studia sentrere seg kring asymmetrisk maktposisjon som ei bevisstheit på maktaspektet i barnevernsarbeidet.

## 2.0 Kunnskapsgrunnlag

### 2.1 Bakgrunn

Barnevernspraksisen i dag er i stadig endring og utvikling i tråd med utviklinga i samfunnet, samt dei krav og forventningane som høyrer med. Historisk sett har barnevernet i Noreg vore prega av ei paternalistisk tilnærming, der barnevernstilsette og vaksne har teke avgjerder på vegne av barn og unge utan å involvere dei (Alexander proff, et. al., 2018, s. 16). I dag blir barn og unge i større grad enn tidlegare sett på som subjekt og aktørar i eigne liv.

Individualiseringsprosessen for barn er tidfesta til kring 1950-talet i Noreg (Ulvik, 2009).

Med tråd i denne utviklinga i samfunnet kan vi sjå lovene har endra seg over tid, og at barn og unge sine rettar er annleis i dag.

Internasjonalt har barn og unge sine rettar og krav vorte styrka gjennom Barnekonvensjonen av FN. Barnekonvensjonen er ein del av norsk lovverk, då den blei ratifisert av Stortinget i 1991 (Barne- og familiedepartementet, 2022). I korte trekk sikrar Barnekonvensjonen at barn og unge frå 0-18 år har krav på å bli anerkjent som rettshavarar, subjekt og eigne individ, der ressursar, medverknad og tryggleik står sentralt med omsyn til prinsippet om barnets beste. I Noreg har også nasjonale lover og føringar bidrege til å sikre barn og unge sine rettar, også når det gjeld at barn og unge skal bli høyrte i saker som angår dei sjølve. Det er også forankra i Grunnlova § 104. Barnevernlova har fleire gongar vorte revidert og fornya, for å betre sikre og ivareta barn og unge sine rettar. I 2018 vart det gjort endringar i Bvl. (1992), der lova blei ei rettslov for barn og unge, og deira rett til medverknad stod meir tydeleggjort (Barne- og familiedepartementet, 2020-2021). Forslag til ny barnevernlov vart i 2020-2021 ved Prop. 133L løfta fram, då den eksisterande Bvl. (1992) snart nærma seg 30 år gammal, og behovet for ei meir dags- og samfunnsaktuell lov melde seg (Barne- og familiedepartementet, 2020-2021). 1.januar 2023 tredde ny barnevernlov i kraft, meir tilpassa dagens samfunn.

Barnevernet operera innanfor eit komplekst landskap, og utførar nokre av dei vanskelegaste oppgåvene i samfunnet når det gjeld å beskytte barn og unge sine rettar. Dette krev at lovverk og ansvarsområde må vere tydeleg (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 18). Arbeidet er regulert av Barnevernlova (2021) § 1-1, som tilseier at ein skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse eller utvikling, og at dei skal få naudsyn omsorg, hjelp og tryggleik til rett tid. Formålet med lova vidare skal bidra til at barn og unge møtast med forståing, kjærleik og tryggleik, samt at dei skal sikrast gode og trygge oppvekstvilkår. Ein skilnad å peike på i den nye barnevernlova (2021) samanlikna med den tidlegare barnevernslova (1992), er at barnets beste i dag står meir tydeleg nedfelt innleiingsvis i lova enn før, og at det skal takast omsyn til i alle forhold som omhandlar barnet jf. Bvl. (2021) § 1-3. I tillegg må det nemnast at i tidlegare Bvl. (1992) hadde ei grense på 7 år for at barnet skulle få uttale seg, medan det i dagens lov jf. Bvl. (2021) skal sjåast i samheng mellom alder og modenheit, og kan skje uavhengig av foreldra sitt samtykke jf. §1-4.

Oppgåvene og ansvaret barnevernet har, skal samsvare med prinsippet om barnets beste. Dette er eit grunnleggjande omsyn i barnevernsarbeid. Brottveit (2023), skriv at barnets beste byggjer på ein visjon om at barnevernet er til for barna. I dette prinsippet ligg det sentralt å ha barnet i sentrum, der ein skal ivareta barn og unge sine interesser og behov på ein god måte. Essensielt i visjonen er å anerkjenne barn og unge sine rettar til medverknad og deltaking. Med andre ord, prinsippet om barnets beste inneber også å gi barn og unge moglegheiter til deltaking og å ha ei stemme i saker som angår dei og deira liv. Barnets beste er forankra i Bvl. (2021) § 1-3 og barnets rett til medverknad § 1-4. Barn og unge sin status som aktørar er nedfelt i Barnekonvensjonen sin artikkel nr. 12, som fastslår barn og unge sin rett til å bli høyrte og respektert i alle avgjerder som angår dei (Barne- og familiedepartementet, 2022). I barnevernsarbeid kan omsynet til tryggleik jf. Prinsippet om barnets beste, trumfe medverknad.

Som profesjonsutøvar innan barnevern- og sosialfagleg arbeid har vi eit mandat og samfunnsansvar for å hjelpe menneske i vanskelege eller sårbare livssituasjonar. Mandatet er forankra i lovverket og i FO's Yrkesetiske grunnlagsdokument som baserer seg på etiske, humanistiske og demokratiske verdiar (Fellesorganisasjonen, 2023). Mandatet vårt er skildra med rot i dette. Det står sentralt å ha eit klientretta syn, der deira kunnskap, verdiar og ressursar skal stå i fokus i profesjonsutøvinga. I dette ligg det eit ansvar at tenestene og tiltaka dei mottek, og er ein del av, skal vere forsvarlege og støttande, og ikkje bidreg til å umyndiggjere dei. Vel så viktig er det å vere bevisst på at ein som barnevernspedagog til tider må vere ein del av livet til barn og familiar, mot deira vilje. Det Yrkesetiske Grunnlagsdokument (Fellesorganisasjonen, 2023), seier noko om at ein som profesjonsutøvar skal ha eit bevisst forhold til eigne haldningar, veremåtar, verdiar og motiv. Samtidig må ein vere bevisst den maktposisjonen ein sit med i yrkeskonteksten. Respekt for den enkelte klient sine verdiar og ynskje om autonomi og kontroll over eige liv er grunnleggande prinsipp i sosialfagleg arbeid. Dette er noko profesjonsutøvarar etter beste evne skal prøve å legge til rette ved medverknad, anerkjenning og ein dialog basert på tillit, openheit og ærlegdom.

Det å ha kunnskap om dei juridiske aspekta kring både barn og unge sine rettar og krav, samt om barnevernets arbeid, mandat og rolle, vil gi oss ei forståing for korleis det juridiske legg til rette for barn og unge sin medverknad. Samtidig seier dette noko om korleis vi som barnevernspedagogar skal anvende dette i praksis i rolla vår, og korleis vi bør utøve profesjonen vår. Bunkholdt & Kvaran, (2021, s. 18), trekk fram at dei juridiske aspekta ikkje må erstatte barnevernet sitt arbeid og kunnskapsgrunnlag knytt til relasjon, kommunikasjon og sårbare situasjonar barn og familiare kan stå i. Det er viktig i et slikt omfattande og komplekst arbeid, å opparbeide seg tillit til klientane.

## 2.2 Teoretisk grunnlag

I dette kapitlet vil vi få innsikt i teori om kontaktetablering med barn og asymmetrisk maktaspekt. Dette vil vere til hjelp for å belyse problemstillinga saman med forskning, då det er heilt essensielt i barnevernsfagleg arbeid å ha kunnskap om korleis ein etablera kontakt med barn og kjenne til korleis ein opptrer, samt korleis makt kan påverke relasjonen og arbeidet.

## 2.3 Kontaktetablering med barn

Barn og unge som er i kontakt med barnevernet er i kontakt med dei av ulike årsaker. Ofte står desse barna i sårbare og krevjande livssituasjonar. Mevik & Juul (Paulsen et.al, 2019, s. 219), skriv at kontaktetablering er det første og viktigaste steget, i samtale og møte med barn og unge i ei barnevernssak. Kontaktetablering med barn og unge kan sjåast som ein viktig og sentral prosess i barnevernsarbeid. Det handlar om å skape og bygge relasjonar med barn og unge basert på tillit og samarbeid. Killèn (2021, s.65-66) dreg fram at det er naudsynt for profesjonelle å lære seg å kommunisere meningsfylt med barn. Det kjem med føresetnadar om at vi er tilgjengelege og evnar til å vere empatiske og mentaliserande i møte med korleis barnet sjølv opplever sin eigen situasjon. Ein føresetnad for å skape god kontakt er å vere sensitiv og systematisk ovanfor det konkrete barnet, samtidig som at ein har ei vilje til å tilpasse kommunikasjonsform gjennom eit enkelt og tydeleg språk med omsyn til barnets alder og nivå, gjennom heile prosessen (Killèn, 2021, s.65-66; Paulsen et.al, 2019, s. 219).

Dei første møta mellom kontaktpersonen i barnevernet og barnet handlar det gjerne mest om å redusere barnet sin angst og uro over å vere innblanda i barnevernet, og kva som vil skje om dei opnar seg opp om korleis dei har det (Killèn, 2021, s. 66). I korte trekk handlar dette om å ufarleggjere kontakta og å redusere stresset og belastninga som for mange kjem, særleg i undersøkingsfasa.

Killèn (2021, s. 66) har utarbeida fire prinsipp som bør ligge til grunn for å etablere kontakt med barn og unge. Det første prinsippet handlar om å møte barnet der det er emosjonelt. I dette ligg det at vi som barnevernspedagogar er emosjonelt tilgjengeleg for barnet, at vi viser dette gjennom at vi ser, lyttar og aktivt rettar merksemda vår mot barnet, med openheit, interesse og undring som utspelar seg i kroppsspråket og handlingane våre. Her står det sentralt at vi er empatiske og freistar å forstå, og leve oss inn i korleis barnet opplev sin eigen situasjon. Som barnevernspedagogar må vi ha med oss ei bevisstheit om at barnet sine indre arbeidsmodellar kan skape forventningar som påverkar og pregar deira oppfatning av vaksne, også til oss som barnevernspedagogar med hjelparrolla (Killèn, 2021, s. 68). Med dette meinast det at deira tidlegare erfaringar og opplevingar med vaksne, som til dømes foreldra sine, er med på å prege tillita til også andre vaksne. Mange av dei barna som har kontakt med barnevernet, har også vonde erfaringar med sine omsorgspersonar.

Desse vonde erfaringane kan vere med på å påverke deira forventning til oss som hjelparar, og dermed gi dei eit syn på at vi kanskje er ein trussel i staden.

Det andre prinsippet Killèn (2021, s.70), meiner bør ligge til grunn for kontaktetablering med barn, handlar om å gi barnet tid og rom for å kunne skape seg eit bilete av kven vi er, kvifor vi er der og ikkje minst, kvifor vi er der for han eller ho og er innblanda i livet deira. Killèn (2021, s. 71) trekk fram at dette igjen kan handle om at vi kan oppfattast som ein trussel, særleg dersom foreldra har uttrykt aggresjon, angst eller andre sterke kjensler ovafor oss, då dette vil påverke barnet. Som barnevernspedagog tek vi oss tid til å observere barnet, og då må barnet få same moglegheita med oss. Ein annan vesentleg faktor har med tillit å gjere, det at barnet skal få anledning til å bli trygg på oss, samt at barnet under stress allereie kan ha vanskar med å oppfatte kva vi fortel. Vidare trekk Killèn (2021, s.71) fram at det ved nokre tilfelle kanskje vil vere mest føremålstenleg å utsetje direkte informasjon om kvifor vi er innblanda til ein har klart å etablere ei viss tillit med barnet og barnet kan kjenne seg tryggare. Her handlar det om å lese barnet, og sjå kva signal dei gir oss. For nokre vil det at vi som barnevernspedagog viser interesse og merksemd kring aktivitetar, eller anna barnet er glad i vere med på å roe barnet. Medan andre ikkje vil kunne roe seg før dei veit meir om kvifor ein er der og kva vi vil. Killèn (2021, s. 72) peikar vidare på at kommunikasjon er viktig, ved mellom anna at vi er opne, direkte og at vi forklarar kven vi er og kva vi skal, på ein måte som er tilpassa barnet, med omsyn til emosjonar og barnet si kognitive utvikling.

Det tredje prinsippet tek sikte på at vi som barnevernspedagogar tek vare på foreldra for barnet. Fleire omsyn skal gjerne takast i ei barnevernssak, både når det gjeld barnet og foreldra. Barn er ofte lojale ovafor foreldra sine, og evna vår til å ta barnet si lojalitet ovafor foreldra i betraktning, er med på å prege kontaktetableringa vår med barnet (Killèn, 2021, s. 74). Det å ta vare på foreldra for barnet gjennom til dømes å støtte dei, vil vere viktig for å halde følelsane av verdigheit ved like. Samt foreldra sitt forhold og relasjon til barnet, men også for samarbeidet mellom dei og oss som barnevern. Vidare trekk Killèn (s. 74), fram at vi så klart tek stilling til det den faktiske saka handlar om til tross for dette, men at vi gjere det med ei tilnærming som likevel er prega av respekt og aksept. Å ta vare på foreldra for barnet, dreiar seg vel så mykje om at vi prøvar å ta vare på barnet sitt bilete av dei (Killèn, 2021, s. 74).

Det fjerde og det siste prinsippet dreiar seg om å hjelpe barnet til å formidle seg. Barn og unge treng å forstå meininga med det som går føre seg, også når barnevernet er involvert (Killèn, 2021, s. 75). Det at barnet blir inkludert i barnevernssaka, vil ikkje seie at barnet på nokon måte skal "avhøyrast". I kor stor grad barnet bør involverast avgjerast av det enkelte, konkrete barnet, deira alder og modenheit, samt omsorgssituasjon, deira måte å signalisere at dei er i ein omsorgssviktsituasjon, og deira relasjon til foreldra (Killèn, 2021, s. 75). Til trass for at ein tidlegare har vore passive ovanfor barnet, trekk Killèn (2021, s. 75) fram at det er viktig å ikkje bli for aktive, og at barnet sjølv må få sleppe til. Barnet skal sleppe å fungere på dei vaksne sine premiss, og vi må ha forståing for at barnet har det vanskeleg og at vi er der for å hjelpe.

For å ikkje verte ei større belastning enn naudsynt, er det viktig at vi ikkje belastar barnet med fleire krav. Vi må ha forståing for at barnet kan trenge tid til å kommunisere og å opne seg. Mange barn fungera på den måte at dei treng ein slags "tillating" til å snakke om sin eigen situasjon (Killèn, 2021, s. 75). Eit viktig steg i kontaktetablering er å gi barnet moglegheit og tillating til å formidle om situasjonen og opplevingane sine (Killèn, 2021, s.75). Det er viktig å vere klar over at barn og unge kan uttrykke seg på ulike måtar, og at både konversering og aktiv utspørjing kan opplevast som uhensiktsmessig, då mange barn og unge mislikar dette. Ein kan oppleve dette som ubehageleg og som ei ikkje-føretrekt kommunikasjonsform (Killèn, 2021, s.75). Mange barn uttrykk seg lettare gjennom aktivitetar som leik og teikning og ser dette som meir naturleg. Andre måtar å som kan vere føremålstenlege for å hjelpe barnet til å formidle seg, kan vere gjennom til dømes generalisering, historieforteljing eller å gjenta det barnet seier, og vente. Nærvær og respons blir trekt fram som viktige faktorar. Som barnevernspedagogar i saka er det også viktig å ha kjennskap til hindringane for at barnet uttrykker seg, som til dømes kan vere angst og stress for konsekvensar av å vere open og ærleg, eller angsten for at ingen vil tru på at dei snakkar sant (Killèn, 2021, s. 75). Gode kontaktetableringsferdigheiter er avgjerande for å få til gode relasjonar med barna og familiane ein vil møte (Paulsen & Studsrød, 2019, s. 19). Paulsen & Studsrød (2019, s. 18) trekk fram at barnevernspedagogen si evne og ferdigheiter til å skape gode relasjonar, må heile tida utviklast og etterprøvast. Dette er ikkje noko ein berre kan lese seg til. Ein god og dyktig barnevernspedagog bidreg til å redusere mistillita og skape eit rom for tillit og tryggleik, dempe barn og familiar si avmaktskjensle og legg til rette for medverknad (Paulsen & Studsrød, 2019, s. 18). I sosialt arbeid vil relasjonar utfordrast av makt (Ellingsen et. al, 2021, s. 48).

## 2.4 Bevisstheit på maktaspektet

Det å dempe kjensla av avmakt, inneber difor også å gi barna ei oppleving av at relasjonen er meir balansert og likeverdig. Barnevernspedagogen har i si rolle og mandat i tråd med Bvl. (2021), løyve til å ta avgjerder og slutningar, og kan i tilfelle der det er naudsynt, vere motstridande for barna sine eigne ynskje (Paulsen, 2022, s. 84; Barnevernslova, 2021). I ein relasjon mellom barnevernspedagogen og barnet, vil det automatisk oppstå ei skeiv maktbalanse då posisjonane ikkje er likeverdige, då rollene er «barn» og «vaksen». Noko av det som kan verte peika på som utfordrande for å sikre barn og unge sin medverknad, kan knytast til denne skeive maktbalansen, som også vert kalla eit asymmetrisk maktforhold (Paulsen, 2022, s. 84; Ellingsen et.al, 2021, s. 4). Med eit system og lovverk i ryggen, set vanlegvis barnevernspedagogen i ein posisjon med betydeleg makt ovanfor klienten. Dette kan utfordre medverknad, då det er skilnad på å gi og mota hjelp. Mange i ein hjelperelasjon opplever at makta ligg hos dei som skal gi hjelpa. Dette på tross av at også hjelparen kan føle avmakt av mellom anna ytre rammer i arbeidet som systemet (Ellingsen et. al, 2021, s. 4). Det å ta omsyn til makt, og å vere bevisst på korleis dette påverkar relasjonen, står heilt sentralt dersom ein skal legge til rette for medverknad for barn og unge (Paulsen, 2022, s. 84). For å fremme medverknad, er det avgjerande at barnevernspedagogen brukar makta i tråd med yrkesetikken, og ikkje set den andre i ein avmaktsposisjon. Samtidig må barnevernspedagogen lytte til barnet.



### 3.0 Val av metode

Denne studia har ei litterær tilnærming. Det fanst eit betydeleg omfang av litteratur og forskingsdata som adressera tematikken barnets stemme og medverknad i ein barnevernkontekst. Dette gjer det mogleg å kunne gjennomføre studia, og gjere ei nøye analyse. Litteraturen inneheld ulike aspekt kring barn og unge sin medverknad i barnevernet. Den tek føre seg både utfordringar- og barn og unge sine egne opplevingar når det gjeld medverknad. I tillegg til korleis ein kan betre medverknadspraksisen, og dermed kunne seie noko om korleis barnevernspedagogen kan arbeide for å sikre barnets stemme. Ein systematisk gjennomgang av forskingsdata knytt til problemstillinga, gjer det mogleg å identifisere eventuelle barrierar, og opnar dermed opp for å kunne finne betre medverknadspraksisar, å kome til nytte for faget.

Både (Busch, 2021, s. 53) og Stokken et.al (2022, s. 124), trekk fram tidsperspektiv som viktig element å tenke over. Då det er begrensa med tid til disposisjon for gjennomføring av studia, sjåast det som føremålstenleg med litteraturstudie, med omsyn til tematikk og problemstilling. Det hadde vore fleire etiske dilemma å tenke over ved ei empirisk studie. Det kunne ha vorte vanskeleg å finne nok og relevante nok informantar i tide, då det å få med ulike aspekt, inkludert barn og unge sine egne opplevingar med medverknad, altså barna sitt eige perspektiv står sentralt.

#### 3.1 Prosessen med litteratursøk og søkestrategi

For å adressere problemstillinga om korleis barnevernspedagogen kan arbeide for å sikre barnets stemme i barnevernet, vart det gjennomført systematiske litteratursøk.

Det vart gjennomført mange prøvesøk på søkemotorar og databasar som Oria, Norart, Google Scholar og Fontene forskning. Dette for å få oversyn for kva som fanst om tematikken av eksisterande litteratur. Nemnde databasar vart brukt for å finne relevante og hensiktsmessige forskingsartiklar på trygge og pålitelege databasar for mest mogleg truverdighet. Prøvesøka gjekk føre seg i store delar av både januar og februar, medan søkestrengen vart endeleg bestemt i midten av mars, då det var ynskjeleg å få med seg biblioteket si undervisning om litteratursøk, 11.mars. Biblioteket si førelæsnig bidrog til ei auka forståing for korleis systematiske søk skulle gjennomførast, og gjorde samtidig obs på at «fulltekst» i Oria måtte hakast av. Dette hadde ikkje vorte gjort under prøvesøka, og dermed kunne resultatata frå prøvesøka vore feil. I etterkant av dette vart søka grundigare og meir målretta.

Det har vore eit ynskje om å kontinuerleg oppdatere og kontrollere søka i form av kvalitet, relevans og fagleg oppdatering. Difor er søka datert i april/mai. Stokken & Andenes m.fl. (2022, s. 92), dreg fram at for at noko skal bli teke imot som sannferdig og truverdig i akademisk skriving, er det naudsynt å byggje teksta si på forskingsbasert kunnskap. Når prosessen med søk var godt i gang, vart Oria valt som den primære søkemotoren, sjølv om same søk vart gjennomført i NorArt. Desse vart nytta grunna tilgang på eksisterande litteratur og forskning, samt filtrerings- og avgrensingsmoglegheitene, noko som var avgjerande for å meir effektivt kunne finne fram til relevant forskning. Det å kunne filtrere og avgrense søka til fagfelleverderte artiklar har vore essensielt for å i større grad kunne kvalitetssikre innhaldet, og dermed også auke pålitelegheita i studia.

Dei systematiske litteratursøka er nøye utvalde søkeord i kombinasjon til ein søkestreng, valt på premiss om å fange opp innhaldet i tematikken for å best mogleg kunne svare på problemstillinga. Søkestrengen ende til slutt på ein enkel kombinasjon av nøye utvalde ord: barn\* medvirkning\* barnevern\*, og det er denne kombinasjonen av ord som er nytta ved søk for å finne fram til forskingsartiklane i studia. I prøvesøka kunne søkestrengane verke meir omfattande, men det vart opplevd å få opp altfor mange treff, og av lite relevans for studia. Den ovannemnde kombinasjonen av ord vart sett på som mest hensiktsmessig, også med tanke på å fange opp litteratur som belyser både utfordringar og fremjande faktorar. Samt andre aspekt kring barn og unges medverknad i barnevernet. Sjølv om denne kombinasjonen av ord har gitt 100 treff på Oria, som naturlegvis vert sett på som for mange, har det etter å gjennomgått alle 100 titlane og 16 samandrag, berre vore 12 igjen som kunne verte ansett som relevant for denne studia. Etter nøye vurdering vart berre 6 av desse valt ut. I NorArt kom det fram 5 treff, og berre ein artikkel her ifrå vart inkludert, til trass for at alle dei 5 titlane vart lesne. Ein annan artikkel som også dukka opp i dette søket, vart inkludert ved søket i Oria.

### 3.2 Kjeldekritikk

I utvalet av relevant forskning og litteratur har det vorte lagt vekt på publiseringsdato, gyldigheita i dag og relevansen for temaet. Dette for å sikre at forskinga er meir oppdatert og målretta, med fokus på problemstilling, samt for å oppretthalde eit høgt fagleg kvalitetsnivå. Eit anna trinn som er gjort for å kvalitetssikre studia, er å ha søkt opp alle forfattarane, og sett at dei har ei vesentleg rolle i barnevernsarbeid eller forskning.

Dalland (s.156), dreg fram at ein bør utarbeide nokre kriteria for litteratursøk med hensikt i å avgrense søka, då internett i mange tilfelle kan gi ubegrensa med informasjon slik det vert utfordrande å kome over all informasjonen å gjere eit utval. Kriteria for litteratursøka for denne studia er at:

- Artiklane er skrivne på primært norsk eller engelsk.
- Forskinga tek føre seg barnevernskontekst i Noreg
- Artiklane må vere fagfelleverderte og godkjend forskning
- Artiklane har relevans for tema og problemstilling
- Artiklane er av gyldig dato – avgrensa til siste ti år

Dersom litteratur ikkje har oppfylt kriteria, har dei vorte ekskludert på bakgrunn av at 1) det kan vere utdatert informasjon, 2) ikkje av gyldigheit og relevans, 3) ikkje av pålitelegheit eller 4) for omfattande med tanke på tida som er til disposisjon.

### 3.3 Bruk av kunstig intelligens

I arbeidsprosessen med denne studia har kunstig intelligens ved ChatGPT, vorte nytta som eit verktøy og ein «tenk-høgt-med»-kamerat. Den har vorte nytta til omsetjing av enkelte artiklar på engelsk til norsk, samt omsetjing av samandraget. Likevel er det viktig å merke seg at omsetjinga har vorte kontrollert og sjekka undervegs og i etterkant, slik at det, og det som framkjem i artiklane stemmar overeins. Sjølv om litteraturstudie i stor grad har ein fast struktur, har likevel ChatGPT vorte nytta som eit verktøy til å hjelpe til med korleis organisere oppgåva, inklusiv ordfordeling. Svara derifrå har likevel vorte sett i tråd med personlege meiningar, rettleiing, litteraturstudieguiden og biblioteket sin kunnskap. Språkvask på delar av mitt eige innhald i form av omformuleringar av ord og setningar, samt idémyldring knytt til problemstillinga har den også vorte nytta til.

På neste side vil vi sjå eit tematisk oversyn av forskingsartiklane som er nytta i studia.

## 4.0 Tematisk oversyn av forskingsdata

### 4.1 Tema: Utfordringar og system

<b>Artikkel:</b>	<b>Tek føre seg / set søkelys på:</b>	<b>Forskningsgrunnlag:</b>
Artikkel 1: <i>“Challenges of participation in child welfare”</i> (Seim & Slettebø, 2017).	Utfordringar for barn og unge sin medverknad i ein barnevernkontekst, og ser samtidig på føresetnadar for å utvikle medverkande og deltakande relasjonar med barna.	Studia er basert på tre forskingsprosjekt frå 2001-2014, der det både har vore sosialarbeidarar frå barnevern, forskarar på høgskule og andre yreksutøvarar. I tillegg består empirien av intervju med sosialarbeidarar, foreldre, barn og unge, samt deltakerobservasjon.
Artikkel 2: <i>«Profesjonelle barnesyn – en utfordring for barnets medvirkning»</i> (Hasle et.al, 2023).	At barnets beste ikkje kan realiserast utan barnets medverknad, og har forska på forståing av barn sin medverknad i psykisk helsevern for barn og unge, og i barneverns- og skulehelsetenesta.	Studia er basert på intervju med 16 erfarne profesjonsutøvarar.
Artikkel 3: <i>«Brukermedvirkning og maktutøvelse- ungdom som medspiller og motspiller barnevernet»</i> (Jensen, 2016).	Behovet for kunnskap og kompetanse kring skjult og open maktutøving i barnevernet.	Studia er basert på ein ph.d.-studie og intervju med profesjonsutøvarar og ved observasjon.

<p>Artikkel 4: «<i>Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser</i>» (Sethre &amp; Seim, 2023).</p>	<p>Korleis sakshandsamarar forstår små barn og deira moglegheit til å medverke i barnevernet sine undersøkingar. Artikkelen rettar fokus mot korleis sakshandsamarane samtalar med små barn på, kan ha betydning for korleis medverknad vert forstått.</p>	<p>Forskinga består av empirisk materiale av sju sakshandsamarar i kommunale barnevernstenester, som undersøker saker som involvera små barn mellom 1 og 3 år.</p>
--	--	--

#### 4.2 Tema: Relasjonen si betydning for barnet si stemme

<b>Artikkel:</b>	<b>Tek føre seg / set søkelys på:</b>	<b>Forskningsgrunnlag:</b>
<p>Artikkel 5: «<i>Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet</i>» (Paulsen, et.al., 2017)</p>	<p>Kor viktig det er med gode relasjonar og det å bygge tillit i møte med ungdom og barnevernet, samt at dette kan vere ei verdifull og føremålstenleg tilnærming .Fokuset har vore på deira oppleving av hjelp og oppfølging frå barnevernet, der medverknad, relasjonsarbeid, og oppfølging i overgangen til vaksenlivet har kome fram som relevante tema.</p>	<p>Artikkelen er eit samarbeid mellom forskarar ved NTNU samfunnsforskning og tilsette ved Gartnerhaugen, som er eit barnevernstiltak for ungdom, og 22 ungdomar i alderen 14-23 som har eller har hatt kontakt med Gartnerhaugen har vorte intervjuet. Intervjua har vorte analysert med spesielt merksemd på skildringar av relasjonar og medverknad.</p>
<p>Artikkel 6: «<i>Brikke eller aktør og samskaper?</i>» (Larsgaard, et. al., 2020)</p>	<p>Dei deltek i eit samhandlingsprosjekt etter initiativ frå Forandringsfabrikken. Intensjonen er at barn og unge sine erfaringar skal vere eit likeverdig kunnskapsgrunnlag i barnevernsutdanninga. Nokre av ungdomane opplevde likeverd, medan andre erfarte at deira kunnskap ikkje vert verdsett. Anerkjenning og sosial verdsetjing, og at det er rom for sårbarheit, usemje og ulikheit, ser ut til å vere avgjerande for oppleving av reell samskaping.</p>	<p>11 ungdomar med erfaring frå barnevernet er intervjuet om deira opplevingar med deltaking i barnevernet.</p>

<p>Artikkel 7: «<i>Deltaking i barnevernet – ein analyse av ungdommar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori</i>» (Tunestveit et. al., 2021).</p>	<p>Korleis unge gir mening til erfaringane sine knytt til deltaking i barnevernet.</p>	<p>Det empiriske grunnlaget er intervju med 13 ungdommar som fortel om korleis dei har erfart kontakt med barnevernet.</p>
---	--	--

## 5.0 Tematisk presentasjon av funn

Denne studia forsøker å finne ut korleis barnevernspedagogen kan arbeide for å sikre barnets stemme i barnevernet. For å undersøke dette, er det teke utgangspunkt i forskingsartiklar som er tematisk delt inn i utfordringar og system, samt relasjonen si betydning. Funna bidreg til ei auka forståing for dette, noko som vil vere viktig å kjenne til for å vite kva ein kan gjere annleis og korleis ein lettare kan legge til rette for betre medverknadspraksis.

### 5.1 Utfordringar og system

#### 5.2 Organisatoriske og materielle faktorar

Studia til Seim & Slettebø (2017), viser at til trass for at barnevernstilsette er motiverte for å la barn og unge få medverke, er det likevel utfordringar for deira medverknad som kan relatere seg til organisatoriske- og materielle strukturar og faktorar. Studia hevda at desse utfordringane både kan skape hinder for medverknad i seg sjølv, men også for å kunne utvikle relasjonar barnevernspedagog og klient seg i mellom. Alt ifrå tid og stad for samtale, at barna må forhalde seg til fleire personar, til at det ikkje var god nok informasjon om kvar dei kan søke hjelp sjølve, og at språket appellera til eldre barn og vaksne. Tid, rom, organisering og materielle faktorar vert også nemnt som faktorar som kan gi moglegheiter for små barn sin medverknad (Sethre & Seim, 2023). I kontrast hevda Hasle et. al (2023), både profesjonelle og barn mista moglegheita til å utvikle si forståing av komplekse situasjonar når faglege tilnærmingar er prega av rutinar. Jensen (2016) trekk fram utfordringar som påverkar medverknad for ungdommane og praksisen negativt, då barnevernet i si rolle og mandat har systemkrav, lovverk, samhandlings- og arbeidsmåtar som utgjer premissar for yrkesutøvinga.

#### 5.3 Haldningar, barnesyn og makt

Hasle et.al (2023), har funne ut at profesjonsutøveren sin konstruksjon av barn, særleg sårbare barn, reproduserast gjennom den profesjonelle sitt tillærte tankemønster. Dette gjenspeilar seg også i Sethre & Seim (2023) som dreg fram at sakshandsamarane vurderer barn opp mot ein «bestemt standard», og at dei kan ta for gitt kva som er normal- og adekvatutvikling.

Sakshandsamarane nyttar ofte omgrepet tryggleik i samanheng med omgrepet tilknytning. Dette kan seie noko om kva diskursar som er tilgjengelege for sakshandsamarar når dei snakkar om små barn. Hasle et. al (2023) peikar på at dersom barnet forståast som aktør i ein posisjon som er både sårbar og kompetent, så er dette ei utfordring, og den profesjonelle må ha kjennskap til, og erkjenning til barnets meiningar ved å balansere mellom sårbarheit og autonomi. Barnets beste kan neppe realiserast utan barnets medverknad (Hasle, et. al, 2023).



Jensen (2016), viser til at praksis for medverknad kan utviklast ved at dei unge viser vilje til samarbeid ut frå premissane til barnevernet. Dette avgjer om dei kan sjåast som ein medspelar eller motspelar i samarbeidet, der også kommunikasjonsferdigheitene til ungdommen spelar ei rolle. Vidare kjem det fram at dersom ungdommen meistrar og beherskar dette godt, så vil også medverknadsmoglegheitene påverkast, i den forstand at det vert styrka og oppleving av auka medverknad finn stad. Motsett finn studia til Jensen (2016), også at dersom ungdommen vert sett på som ein motspelar, så vil moglegheitene til medverknad minske og vere redusert, samtidig som at dei i større grad enn «medspelarane» er utsett for maktutøving. Gjennom ein illustrasjon av en ungdom frå det empiriske eksempelet i artikkelen til Jensen (2016) viser det seg at dersom ungdommen samarbeida og tilpassar seg på barnevernstilsette sine premiss, og er ein «medspelar», så har dette positiv innverknad på relasjonen. Dette kan påverke ungdommen sine moglegheiter til medverknad og eiga utvikling.

## 5.2 Relasjonen si betydning for barnet si stemme

Paulsen et. al. (2017) viser til at ungdomane har ein god relasjon til dei tilsette på Gartnerhaugen. Det vert skildra at dei vert sett på som individ framfor sak, og at dei synest det er viktig å verte lytta til, og ikkje verte nedvurdert. Det framkjem at 3 faktorar er særskilte viktige i relasjonsarbeid i møte med ungdomane og dei tilsette: 1) Gi ungdomane moglegheit for medverknad i eige liv og avgjerder. 2) Gjensidigheit i relasjonen og 3) relasjonen må bygge på tillit og respekt. Relasjon og betydninga av denne gjenspeilar seg også i artiklane til Tunestveit et. al. (2021) og Larsgaard (2020). Artikkelen til Tunestveit et. al (2021) viser stor variasjon i korleis unge, gir meining til erfaringane sine med å samarbeide med barnevernet. Der det er positive relasjonar til barnevernet bidreg til tillit, sett og forstått. Der det manglar god relasjon, manglar også medverknad og deltaking til barnevernet, eller vert redusert. Posisjoneringsperspektivet påkallar merksemd og refleksjon over barnevernet si posisjonering av barna. Eit analytisk blikk og auka forståing for den gjensidige posisjoneringa som skjer mellom barn og barnevernstilsette, gjer det mogleg å forhandle fram meir samarbeidsvenlege posisjonar i tråd med ei relasjonell orientering (Tunestveit et. al, 2021). Dillon et. al. sitert i Tunestveit et. al. (2021, s. 16), understreka at tid og engasjement er naudsynt for å etablere trygge og produktive relasjonar. Paulsen et. al. (2017) trekk også fram at mange av ungdomane meina det tek tid å skape tillit fordi dei har hatt så mykje brot tidlegare og at det kan vere vanskeleg å stole på.

Eit anna funn som tydeleggjerast av Paulsen et. al. (2017), antyda at å gi mykje av seg sjølv i relasjonsarbeidet til ungdomane er viktig. Det vert løfta fram at å skrive rapport på ein personleg og forståeleg måte er viktig i samarbeid med ungdommen. Larsgaard et. al (2020) har også presentert funn som viser til at å samskape med barn og unge i barnevernet, handlar om å forstå og møte ungdomen som ressurssterke og handlande aktørar. I Forandringsfabrikken løftast ungdomane sine erfaringar og eigenskapar fram som ein ressurs og viktig kunnskap. Det må også vere rom for annleis erfaring og tenking, skal det vere ein likeverdig deltaking. Dersom nokre stemmer er viktige, og andre ikkje er det, er det då samskaping? Ein må ha mangfald og alle må syne seg likeverdige.

## 6.0 Drøfting

I dette kapitlet vil funna frå forskingsartiklane, samt bakgrunn og teori danne grunnlaget for drøftinga. Drøftinga vil som vi tidlegare har sett, vere tematisk inndelt i 1) utfordringar og system, og 2) relasjonen si betydning for barnet si stemme. Dette for å svare på problemstillinga om korleis ein kan arbeide for å sikre barnets stemme i barnevernet.

### 6.1 Utfordringar og system

Det finnst ei rekke utfordringar for barn og unge sin medverknad i barnevernet, sjølv om dei har rettane på si side (FHI, 2024; Bvl. 2021). Dersom barnevernspedagogen ikkje prøver å legge til rette for å høyre barnet sine synspunkt og perspektiv som framgår av Bvl. (2021) og barnekonvensjonen av FN artikkel 12, vil dette for det første vere eit tramp på deira rettar. På same tid hevdar Paulsen (2022, s. 64-65), at medverknad har ei betydning, og at barnevernspedagogen kan forståast som ein medkonstruktør for barnet si stemme, der det både skal leggest til rette, men også oppfordre barnet til å seie si meining. Dette understreka Hasle et. al. (2023) som seier at barnets beste neppe kan realiserast utan barnets medverknad. På same tid kan vi sjå at prinsippet om barnets beste jf. Bvl. §1-3 og Brottveit (2023) hevdar at det i dette prinsippet står sentralt å anerkjenne barn og deira medverknad. Dersom barnet ikkje får moglegheit- eller at barnevernspedagogen ikkje gir uttrykk for at ho bryr seg og vil lytte til barnet si stemme i saka, kan dette føre til at barnet kan føle seg lite viktig og anerkjent. Dette kan ha konsekvensar for det vidare samarbeidet, og naturlegvis ha påverknad for å sikre barnets stemme i saka. Dette kan igjen spele ei rolle i slutningane som vert teke.

Studia til Hasle et. al (2023), kan forståast som at synet på barn som sårbart, kan hindre deira moglegheit til medverknad og autonomi. Synet på barn eller haldningar, kjem også fram som ei utfordring for barnets medverknad av Sethre & Seim (2023), der sakshandsamar ser på barnet etter ein bestemt standard. I likskap med Jensen (2016), som viser til at praksis for medverknad kan utviklast ved at dei unge viser vilje til samarbeid ut frå premissane til barnevernet, og dermed kan sjåast på som ein med- eller motspelar. Barnevernet har i si rolle og mandat systemkrav, lovverk, samhandlings- og arbeidsmåtar som utgjer premissar for yrkesutøvinga (Jensen, 2016; Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 18). Dette omfattar også vaksenautoritet frå både barnevernstilsette og foreldre, som nokre gongar førar til at dei vaksne sine stemmer og interesser, overdøyver ungdomane, og dermed påverkar medverknadmoglegheitene. Dette rettar også Jensen (2016) opp mot maktrelasjonen som gjer seg gjeldande i forholdet mellom «barn/ungdom» og «vaksen», som vi også kan sjå i Paulsen (2022, s.84). Dersom barnevernspedagogen tenker at barna skal beskyttast frå

informasjonen, og ser på sårbarheita framfor autonomien, eller at barnet vert sett på som ein motspelar, eller som eit barn som ikkje «forstår eller snakkar enda», vil dette ha innverknad på deira moglegheit til å medverke, noko barna har rett til. Då vert det på ein måte barnevernspedagogen som legg føringane for kva dei skal involvere barnet i, og dermed også kva barnet får medverke og ta del i. Dette appellera vidare til en asymmetrisk maktposisjon som både Paulsen (2022, s. 84) & Ellingsen (2021, s. 48), snakkar om. Dersom praksisen i stor grad går ut på korleis ein ser og oppfattar barnet, om det til dømes er sårbart eller kompetent, kan det tenkast at fleire barn ikkje får «invitasjonen inn» til å medverke. Dette vert motseiande til Det Yrkesetiske Grunnlagsdokument (FO, 2023) som seier noko om at ein skal anerkjenne den enkelte sin autonomi og ikkje bidra til umyndiggjering.

Det er ikkje nødvendigvis makt i seg sjølv som er utfordrande i relasjonen mellom barnet og barnevernspedagogen. Det er heller om barnet opplever at barnevernet har mykje meir makt. Som følgje av å identifisere eventuelle redslar, eller vonde tankar hos barnet knytt til barnevernet, kan dette hjelpe barnevernspedagogen å utforske meir kva denne redselen kjem av. Dessutan kan dette potensielt sett føre til at ein får til ein samtale der ein kan ufarleggjere barnevernet, noko Killèn (2021, s. 66) understreka kan vere viktig. Dersom dette ligg til grunn, kan det tenkast at det kan føre til at ein får eit betre samarbeid og lettare kan legge til rette for medverknad ved at kontaktetablering er i ei fase. Ein kan hevde at ein asymmetrisk maktrelasjon vil kunne føre til utfordringar for medverknad og relasjonen, noko Jensen (2016) og Ellingsen (2021, s. 48), også seier noko om. Dette kan vidare vise til moglegheitene og til noko som har innverknad på korleis ein kan arbeide for å sikre barnets stemme. Det er viktig å tenke over at barnevernspedagogen også berre er eit menneske, og mest truleg, etter si rolle og mandat, arbeider med omsyn til barnets beste jf. Bvl. §1-3. I tillegg til yrkesetikken som framkjem av FO (2023) i grunn, samt at barnevernspedagogen sit med kunnskap også utover det juridiske, som relasjon, kommunikasjon og barn i sårbare situasjonar (Bunkholdt & Kvaran, 2021, s. 18). Det er viktig for barnevernspedagogen å ha eit kritisk blick på seg sjølv i si rolle og utøving, med tanke på korleis makta kan oppfattast av barnet, og korleis dette kan ha innverknad på korleis ein opptrer. Dersom barnevernspedagogen opptrer på ein måte som oppfattast som balansert og likeverdige, kan barnevernspedagogen i større grad gjere seg fortent til tillit. Dersom ein ikkje er bevisst, vil makt i det store bilete vere ei utfordring for medverknaden.

Alder og modenheit vert sett på som ei utfordring, då Sethre & Seim (2023), trekk fram at små barn vert beskrive og observert ved hjelp av normer og utvikling. Dette kan dermed føre til at barnevernspedagogen tek avgjerder på vegne av dei, og står i strid med rettane til medverknad. Dersom dette er tilfelle, er det ikkje sikkert at dei minste barna får moglegheit til å medverke, då ikkje alle kan svare på dette med omsyn til alder og nivå. Alle er ulike og uttrykker seg ulikt. Kanskje vil det som Killen (2021, s. 75) drog fram om kommunikasjonsformer, gjennom aktivitet og leik vere viktig. Kanskje kan eit spel vere nyttig i ein slik samanheng? Det kan tenkast at dette både kan opplevast gøy, som igjen gjer rommet og personane tryggare, og bidreg positivt til relasjonen. Dersom barnevernspedagogen ikkje er open for andre kommunikasjonsformer, vil det føre til at medverknadsmoglegheitene vert hindra ytterlegare.

Seim & Slettebø (2017), viser til at tid og rom for samtale, og at det ikkje var nok eller barneappellerande informasjon, som ei utfordring for barn sin medverknad. Vidare viser dei til at det var utfordrande når barna måtte forhalde seg til fleire og ulike barnevernstilsette. Dette kan appelleraast til at barn har behov for stabilitet. Vidare kan dette sjåast i lys av Killèn (2021, s. 70), sitt første prinsipp i kontaktetablering, der det kjem fram at fleire av dei barna som har kontakt med barnevernet, også har vonde, sårbare erfaringar med omsorgspersonane sine eller andre vaksne. Dette er med på å prege tillita til andre, også oss, gjennom barnet sine indre arbeidsmodellar. Deira utryggheit saman med forventingane til oss, kan dei oppfatte at vi er ein trussel i staden for hjelparar (Killèn, 2021, s. 70). Dersom ein ikkje har forståing for at barna kan trenge tid for å bygge tillit, kan dette hindre medverknaden, då det kan vere vanskeleg for barn i ein allereie belastande situasjon å føle seg trygg nok til å kunne fortelje om sin situasjon, og kome med sine meiningar. Dersom dei ikkje følar dei kan, eller unnlét å fortelje ting til barnevernspedagogen, vil dette kunne føre til at informasjon som kan vere av betydning ikkje vert delt eller vidareformidla, noko som igjen kan påverke saka. Det vil difor vere viktig at barnevernspedagogen gir av seg sjølv, og investera tid i kontaktetableringa med barnet, slik Killèn (s.70) understreka. Dersom dette ikkje skjer, kan det verte vanskeleg å skape eit trygt nok rom for barnet, slik at det får medverke aktivt i si sak. Dersom dette motsett ligg til grunn, kan det tenkast at det vil spele positivt inn på relasjonen og kontakta dei imellom, ved at barnet kanskje kan få opplevinga av at barnevernspedagogen er interessert i kva barnet sjølv har å seie, og viser dette ved å investere i tid. Her kan tidsrammene til barnevernspedagogen vere ei utfordring, då dei arbeider med mange saker. Det at Bvl. (2021) tillét at barna kan snakkast med utan foreldra sitt samtykke, har nok vore ei viktig endring for å lettare nå inn og snakke med barna. Vi kan til dømes tenke oss at det vil vere meir utfordrande for barna å opne seg, når dei veit mor eller far er i nærleiken og kanskje lyttar.

## 6.2 Relasjonen si betydning for barn og unge si stemme

Studia til Paulsen et. al. (2017), viser til at ein god, tillitsfull og respektfull relasjon og det å verte lytta til er viktige faktorar for medverknad og å sikre barnets stemme. Dette kan sjåast i lys med at relasjons- og medverknadsarbeid heng mykje saman og er delar av ein prosess. Dette vert støtta av Paulsen (2022, s.64-66) som skriv at barnevernspedagogen kan sjåast som ein medkonstruktør for barnets stemme, såleis at ein god, trygg relasjon med gjensidig samhandling, og å oppfordre barnet om å seie si mening er sentralt i barnevernsarbeid. Relasjon og betydninga av denne gjenspeilar seg også i artiklane til Tunestveit et. al. (2021) og Larsgaard (2020). Artikkelen Tunestveit et. al (2021) viser til at ein positiv relasjon er ein føresetnad for medverknad, og at dersom det er negativ relasjon, så er det det motsette. Dette kan sjåast i samanheng med at det vil ha innverknad på å sikre barnets stemme. Vidare understreka Tunestveit et. al. (2021, s. 16), at tid og engasjement er naudsynt for å etablere trygge og produktive relasjonar. Dette understreka også Killèn (2021, s. 70), då barnet må få moglegheit til å finne ut kven vi er, kva vi skal, og gjere seg ei vurdering av oss. Vi må ha forståing for at barnet kan trenge tid til å kommunisere og å opne seg. Følgeleg kan maktaspektet nemnast. Dersom barnevernspedagogen ikkje gir barnet tid, og ulike moglegheiter for å uttrykke seg, vil dette potensielt også spele inn på relasjonen, då barnet kanskje kan få ei kjensle av at dei ikkje vert anerkjent, at deira stemme ikkje betyr noko og oppleve avmakt.

Tunestveit et. al (2021) hevda at refleksjon over barnevernet si posisjonering av barna, og forståing for den gjensidige posisjoneringa som skjer mellom barn og barnevernstilsette, gjer det mogleg å forhandle fram meir samarbeidsvenlege posisjonar i tråd med ei relasjonell orientering. Dette kan kanskje forklarast til korleis barn og unge ser på seg sjølv i møte med barnevernet, og korleis dei opplever kontakta med barnevernet. Utifrå dette kan det tenkast at relasjonen kan verte styrka eller svekka, alt etter korleis dei oppfattar og respondera til kvarandre. For å kunne arbeide med å sikre barnets stemme, vil det vere viktig at barnevernspedagogen er bevisst på si eiga posisjonering i ein slik relasjon, og korleis ho opptrer i rolla, kan påverke korleis barnet ter seg i relasjonen. I følgje Ellingsen et. al (2021), har vi heller ingen garanti for at relasjonen vert sett på som god frå den andre part, sjølv om vi oppfattar den som god. Dette resonnera med Jensen (2016) om barnet vert sett på som ei medspelar eller motspelar. Korleis barnet posisjonera seg i relasjonen med barnevernet, vil kanskje påverkast av både kva dei veit eller trur om barnevernet frå før, samt tidlegare erfaringar og faktorar som kven dei er, alder og nivå. Dersom dei har negative erfaringar eller sit med ei oppleving av at barnevernet har mykje makt, vil dei kanskje automatisk posisjonere seg som lite samarbeidsvillige eller tilbaketrekte, og dermed kan barnevernspedagogen sjå barnet som ein motspelar.

Paulsen et. al. (2017), antyda at å gi mykje av seg sjølv i relasjonsarbeidet til ungdomane er viktig, og at dei må få delta i dokumentasjon. Dette gjenspeilar seg også i Larsgaard et. al (2020), som viser til at det er viktig å samskape med barn og forstå dei ressurssterke aktørar. Det må også vere rom for annleis erfaring og tenking, skal det vere ein likeverdig deltaking. Dersom nokre stemmer er viktige, og andre ikkje er det, er det då samskaping? Ein må ha mangfald og alle må syne seg likeverdige. Dette som Paulsen et. al (2017) og Larsgaard et. al (2020) dreg fram, kan sjåast i samanheng med kva Barnevernsproffane meina medverknad inneber (Alexander Proff et. al, 2019). Vidare appellerast dette til at det kan vere nyttig å sjå noko utover manualbaserte metodar for å legge til rette for medverknad. Det at ungdomane i større grad får føle seg som subjekt, vert møtt som enkeltindivid, der dei får medverke si eiga sak fører til at dei følar seg anerkjent, og påverkar relasjonen med dei tilsette positivt og bidreg til å lettare sikre barnets stemme.

Makt vil vere viktig å vurdere, når ein snakkar om dokumentasjon i barnevernet. FO (2023) hevdar at ein som barnevernspedagog må vere bevisst si makt i rolla, og anerkjenne klienten sin kunnskap og ikkje umyndiggjere dei. Paulsen & Studsrød (2019, s. 18), dreg fram at å dempe kjensla av avmakt står heilt sentralt i eit godt barnevernsarbeid. Dette er med på å gi barna ei oppleving av ein meir likeverdig, balansert og inkluderande relasjon. Det kan tenkast at barn og unge vil kunne oppleve at barnevernspedagogen har mykje makt, når det kjem til dokumentasjon. Dette kan prege relasjonen og samarbeidet, som igjen utspelar seg i medverknaden i praksis, og har betydning for å sikre barnets stemme. Dersom barnet ikkje får delta i dokumentasjonen eller veit kva som vert skrive ned, kan dette for det første føre til ei kjensle av avmakt. Dette kan kanskje følast ut som at alt er utanfor eins kontroll. Det kan tenkast at dette kan ha negativ innverknad på etablering av ein god kontakt, eller relasjon mellom barnevernspedagogen og barnet. Dette vil kanskje også vere resultatet dersom barnet får ei oppleving av at barnevernspedagogen har mykje meir makt enn barnet sjølv. Samtidig vil kjensla av ubehag kunne forkomme visst barnet ikkje veit om barnevernspedagogen har forstått dei riktig. Dermed kan dokumentasjonen kanskje verte sett på som ein stressande faktor eller noko som pregar tillita ytterlegare. Killèn (2021, s. 71) og Mevik & Juul (Paulsen et. al 2019, s. 219), dreg fram at kontaktetablering handlar om å skape relasjonar basert på tillit og samarbeid, samt at barnet må få moglegheit til å verte trygg på oss. Dette vil også vere viktig i dokumentasjonsarbeidet, då det også framkjem av Killèn (s. 71) at barnet kan vere i ein allereie stressande situasjon. Vidare kan det tenkast at dersom barnet ikkje får moglegheit til å vite og kunne rette på det som vert skrive ned ved tilbakemelding, at det som då vert ståande i barnets journal i barnevernet, er barnets oppleving og situasjon sett og beskrive frå dei vaksne sine auge. Dette førar oss til tenke på at det vert motseiande til at barnet får og skal få medverke jf. Bvl (2021; Barnekonvensjonen; Grunnlova).

Paulsen (2022, s.64-65) skildrar medverknad som ein prosess og eit samarbeid, der det står sentralt at barnet forstår kva den deltek i, og kva det eventuelt uttalar seg om. For å sikre barnet si stemme, vil det kunne vere viktig at barnevernspedagogen faktisk etablera kontakt med barnet og kommunisera på ein tydeleg og forståeleg måte slik som Killen (2021, s. 75), og som også kjem fram i Det Yrkesetiske Grunnlagsdokument (2023). Dette vil innebere at informasjonen som gjevast er tilpassa barnet, både når det kjem til alder, nivå og behov. Dersom dette ikkje ligg til grunn kan det tenkast at det kan oppstå utfordringar med tanke på at barnet kanskje gir uttrykk for at dei forstår det barnevernspedagogen gir informasjon om, og fortel, medan dei kanskje ikkje gjer det. Samtidig vil dette kunne vere både etisk og utfordrande ved at barnevernspedagogen ikkje har noko garanti eller sikkerheit på at dei forstår at barnet har forstått dei rett, og at barnet faktisk forstår kva dei kanskje godtek eller samtykker til.

Killèn (2021, s. 71), skriv at barn i ein belastande situasjon også kan vere under stress og angst. Då kan det tenkast at i ein allereie sårbar situasjon, der barnet skal ha samtale med barnevernet, anten med støtteperson eller ikkje, kan kjenne på kjensler som kan føre til at det ikkje klarer å få med seg alt som vert snakka om. Til dømes ved at barnet seier «ja» på «alt» det barnevernspedagogen gir informasjon om, sonar ut, eller nikkar. Dette kan få barnevernspedagogen til å få inntrykk av at dei heng med. Barnevernspedagogen har nok forståing for at barnet er i ein belastande situasjon, men dersom barnevernspedagogen ikkje er obs nok, eller spørjande nok om noko for eksempel er uklart, om barnet lurar på noko, eller om informasjonen gjensidig er forstått riktig, så kan dette føre til misoppfatningar, i tillegg kan dette igjen appellere til makt og ein asymmetrisk maktposisjon (Ellingsen et. al, 2021, s. 48). Det kan tenkast at barnet i ein slik situasjon vil kunne vere redd for å seie noko på grunn av makta dei trur barnevernet har. Eit anna scenario kan tenkast at dersom barnet kanskje har vonde opplevingar der dei føler seg lite sett, høyrte og anerkjent, at dei kanskje gir uttrykk for at dei er samde eller forstår, føler seg under press eller ikkje vil øydeleggje noko. Desse situasjonane kan vise til at kontaktetablering i form av kommunikasjon og relasjon vil kunne vere særst viktig, noko Paulsen (2017), Larsgaard (2020) og Tunestveit (2021) har understreka.



## 7.0 Avslutning

Studia sitt føremål var å svare på problemstillinga: «*Korleis kan barnevernspedagogen arbeide for å sikre barnets stemme?*».

Funn frå teori og forskning har vist at faktorar som å etablere trygg kontakt, god relasjon, god informasjon og tid, er vesentleg for å sikre barnet si stemme. Samtidig er rutinar og systemkrav ei utfordring. Ein må vidare sjå på samhengane mellom systemkrav og det profesjonelle handlingsrommet.

Ein må vere open for å la barna medverke, og sjå barna som subjekt og aktørar i eigne liv, der dei får informasjon om både barnevern, rettar, sak, og at dei ikkje har noko plikt. Informasjon og samtalar bør skje gjennom eit klart og tydeleg språk som barnet kan forstå, tilpassa alder og modenheit. Medverknad bør skje på barna sine premiss, og ikkje dei vaksne sine.

Barnevernspedagogen bør vere open for tilbakemeldingar frå barna, og kontrollere om ein har forstått kvarandre riktig.

Som barnevernspedagog er det på mange måtar ein sjølv som er reiskap, i møte med barn og familiar. Ein må ha forståing for at alle ein møter er unike. For å sikre barnet si stemme er det viktig å vere bevisst seg sjølv i rolla, og korleis dette kan påverke kontakta med barnet. Dette inneber også å vere bevisst lovverket, yrkesetikken, utfordringane og makta ein kan utøve. Føresetnadane deira for å legge til rette for å sikre barnets stemme, ligg under dette.

Det er viktig å vere klar over, at dei juridiske rammene kan seie oss noko om kva vi har mynde til, samt korleis vi skal anvende det i praksis. Dog gir det kanskje mindre føringar for korleis skjønn skal utøvast i kvart enkelt si yrkesutøving, då lovverk og retningslinjer tolkast ulikt. Vidare vil det å forske meir på mindre barn sine moglegheiter for medverknad, men også for alle barn, då forskning tilseier at det framleis er mange utfordringar med dette i praksis.

## 8.0 Litteraturliste

### Pensumlitteratur, bok:

- Bunkholdt & Kvaran. (2021). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid* (2.utg). Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Ellingsen, T. I., Kleppe, L.C., Martinsen H., Kathrine & Vindegg, J. (2021). *Sosionomen i situasjonen*. Universitetsforlaget AS.
- Killèn, K. (2021). *Undersøkelser til utsatte barns beste; tverrfaglig kompetanse og samarbeid*. Kommuneforlaget AS.
- Paulsen, V. (2022). *Barn og unges medvirkning i barnevernet*. Gyldendal Norsk Forlag AS.
- proff, A., proff, G., Toresen G. & Steinrem, I. (2018). *Barnas barnevern: trygt, nyttig og samarbeidende for barn*. Universitetsforlaget AS.
- Studsrød, I., Paulsen, V., Kvaran, I. & Mevik, K. (2019). *Barnevernspedagog: en grunnbok*. Universitetsforlaget AS.

### Forskings- og vitenskapleg artiklar:

- Hasle, B., Olson, B. H., Høiseth, J. R. & Kildal, C. (2023). Fagfelleurdert artikkel: *Profesjonelle barnesyn – en utfordring for barnets medvirkning?* Fontene forskning, 14(1), 4-17.
- Jensen, G. (2016). Fagfelleurdert artikkel: *Brukermedvirkning og maktutøvelse- ungdom som medspiller og motspiller i barnevernet*. Norges Barnevern, VOL.93, 304-320. Doi: 10.18261/issn.1891-1838-2016-03-04-13.
- Larsgaard, A. K., Krane, V. & Damsgaard, H. L. (2020). Vitenskapelig publikasjon: *Brikke eller aktør og samskaper? Ungdommer i barnevernet og deres fortellinger om å være deltakere i et samskappingsprosjekt*. Norges Barnevern, VOL.97, 4-21.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN.1891-1838-2020-01-02>
- Paulsen, V., Aune, J. A., Melting, J. K., Stormyr, O. & Berg, B. (2017). Fagfelleurdert artikkel: *Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet*. Norges Barnevern, VOL.94, 84-95. Doi: 10.18261/issn.1891-1838-2017-02-02.
- Sethre, K.A. & Seim, S. (2023). Vitenskapelig publikasjon: *Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser*. Norges Barnevern, VOL.100, 36-52.  
<https://doi.org/10.18261/tnb.100.1.4>

Seim, S. & Slettebø, T. (2017). Fagfelleurdert artikkel: Challenges of participation in child welfare. *European Journal of Social Work*. <https://doi.org/10.1080/13691457.2017.1320531>

Tunestveit, M., Mæhle, M. & Ulvik, O. S. (2021). Vitskapeleg publikasjon: *Deltaking i barnevernet – ein analyse av ungdomar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori*. *Norges Barnevern*, VOL.98, 4-19. <https://doi.org/10.18261/issn1891-1838-2021-01-02>

### **Lovverk og konvensjonar:**

Barnevernslova. (2021). Lov om barnevern (LOV-2021-06-18-97). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2021-06-18-97>.

Forente Nasjonar. (1989). FNs konvensjon om barnets rettigheter (Barnekonvensjonen): Vedtatt av De Forente nasjoner 1989; Ratifisert av Noreg 1991. Barne- og familiedepartementet.

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns\\_barnekonvensjon.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf).

Grunnlova. (1814). Kongeriket Noregs grunnlov (LOV-1814-05-17). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn>.

Prop. 133L (2020-2021). Lov om barnevern (barnevernslova). Barne- og familiedepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-133-l-20202021/id2842271/>.

### **Studierapportar:**

Havnen K & Christiansen Ø. (2020). Å medvirke når barnevernet undersøker. En studie av barn og foreldres medvirkning i barnevernets undersøkelsesarbeid. Delrapport 5. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). [https://www.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/barnevern/a\\_medvirke\\_nar\\_barnevernet\\_undersoker\\_en\\_studie\\_av\\_barn\\_og\\_foreldres\\_medvirkning\\_i\\_barnevernets\\_undersokelsesarbeid.pdf](https://www.bufdir.no/globalassets/global/nbbf/barnevern/a_medvirke_nar_barnevernet_undersoker_en_studie_av_barn_og_foreldres_medvirkning_i_barnevernets_undersokelsesarbeid.pdf).

Nøkleby H. & Langøien LJ. et.al. (2024). *Utfordringer for barn og unges medvirkning i barnevernet. En studie av forskningslitteratur og sentrale aktørers erfaringer*.

Folkehelseinstituttet (FHI).

<https://www.fhi.no/contentassets/f5074f5538694749ba4664517714729a/utfordringer-for-barn-og-unges-medvirkning-i-barnevernet-rapport-2024.pdf>.

**Anna:**

Landsforeningen for barnevernsbarn (u.å.). *Hvorfor er medvirkning så viktig?*.

Barnevernsbarna (LFB). <https://barnevernsbarna.no/2019/11/01/hvorfor-er-medvirkning-sa-viktig/>

Kunstig Intelligens (sjå metodekapitlet), er nytta ved OpenAI. (2024). ChatGPT.

<https://chat.openai.com>.

Ulvik, O. S. (2009). Vitskapleg teoretisk artikkel: *Barns rett til deltakelse – teoretiske og praktiske utfordringer i profesjonelle hjelperes samarbeid med barn*. Psykologtidsskriftet.

<https://psykologtidsskriftet.no/fagartikkel/2009/12/barns-rett-til-deltakelse-teoretiske-og-praktiske-utfordringer-i-profesjonelle>

Fellesorganisasjonen (2023). *Yrkesetisk grunnlagsdokument - for barnevernspedagoger, sosionomer, vernepleiere og velferdsvitere* (brosjyre). FO.

<https://www.fo.no/getfile.php/1324847-1580893260/Bilder/FO%20mener/Brosjyrer/Yrkesetisk%20grunnlagsdokument.pdf>

Brottveit, G. (2023). Fagfellevurdert artikkel: *Barnets beste – en fortolkende tilnærming til begrepets betydning i en barnevernfaglig kontekst*. Fontene forskning.

<https://fontene.no/forskning/barnets-beste-6.584.865373.0c2189ee2c>

## Vedlegg 1 – Søkelogg over systematiske litteratursøk

Dato for søk	Database	Kombinasjonar av søkeord (søkestreng)	Avgreinsingar	Tal på treff	Tal på lesne titlar	Tal på lesne abstracts	Tal på lesne artiklar	Inkluderte artiklar (Forfatta, tittel, år)
26.04.24	Qria BibSys	Barn* medvirkning* barnevern*	Fagfelleverderte tidsskrift 2016-2024 Skrivne på norsk eller engelsk	100	100	16	12	Treff nr. 2 – Små barns muligheter for medvirkning (Sethre & Seim, )  Treff nr. 7 – Challenges of Participation (Seim & Slettebø, 2017)  Treff nr. 13 – Brukermedvirkning og maktutøvelse – ungdom som medspiller og motspiller i barnevernet (Jensen, )  Treff nr. 20 – Deltaking i barnevernet- ein analyse av ungdomars forteljingar i lys av posisjoneringsteori (Tunestveit, )  Treff nr. 27 – Brikke eller aktør og samskaper? (Larsgaard, et. al., 2020)  Treff nr. 37- Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet (Paulsen et. al., 2017)
01.05.24	NorArt v/ Qria BibSys	Barn* medvirkning* barnevern*	Forskningsartikkel 2016-2021 (slutta kome etter 2021) Skrivne på norsk eller engelsk	5	5	2	2	Treff nr. 4 - Hasle et. al; <i>Profesjonelle barnesyn: en utfordring for barnets medvirkning?</i> 2023

**Merk!** Vedlegget over søkelogg er i eit bileteformat, då det vart opplevd problem med å få inn ein tabell med alle kolonnane og i rett retning.

## Vedlegg 2 – Oversyn over forskingsdata etter tema

<b>Artikkel</b>	<b>Tema: Utfordringar og system</b>	<b>Tema: Relasjonen si betydning for barnet si stemme</b>
1. Challenges of participation in child welfare (Seim & Slettebø, 2017)	X	
2. Profesjonelle barnesyn- en utfordring for barnets medvirkning? (Hasle, et.al., 2023)	X	
3. Brukermedvirkning og maktutøvelse- Ungdom som medspiller og motspiller i barnevernet (Jensen, 2016)	X	
4. Små barns muligheter til medvirkning i barnevernets undersøkelser (Sethre & Seim, 2023)	X	
5. Relasjonen som plattform i møte med ungdom i barnevernet (Paulsen, et.al., 2017)		X
6. Brikke eller aktør og samskaper? (Larsgaard, et. al., 2020)		X
7. Deltaking i barnevernet – ein analyse av ungdommar sine forteljingar i lys av posisjoneringsteori (Tunestveit, et.al)		X